

Live er Manchester United-fan. Heilt sidan ho var lita har ho og pappa sett på Man U-kampar saman, som regel ikledd kvar si Man U-drakt. Den siste tida har vore tøff for laget. Man U har gått på tap etter tap, og mange er frustrert på trenaren. Live kjenner at hjartet hennar ikkje bankar like varmt for Man U som før. Kva bør Live gjere?

- a) Live bør minne seg sjølv om alle dei tinga ho likar ved laget sitt, og vere lojal og halde fram med å støtte Man U også i periodar med motgang og tap.
- b) Live kan halde med fleire lag samtidig.
- c) Live bør sjå seg om etter eit anna fotball-lag som ho kan heie på og støtte
- d) Andre forslag?

Ola og Sander er brødre. Ola er eldst og går i 6. klasse, Sander i 4. Ola synast Sander kan vere skikkeleg irriterande, og dei kranclar ganske ofte. På veg heim frå skulen i dag ser Ola at to gutar i klassen til Sander er stygge med han, dei skubbar han og han dett i asfalten. Kva bør Ola gjere?

- a) Ola bør vere lojal med broren og gripe inn og støtte han.
- b) Ola kan la Sander handtere situasjonen sjølv, men sei frå til ein vaksen når han kjem heim.
- c) Ola kan gå vidare og tenke at Sander får klare seg sjølv sidan han er så irriterande.
- d) Andre forslag?

Foreldra til Amund er skilde og Amund bur halvparten av tida med kvar av dei. Mamma spør ofte korleis Amund har det når han er med pappa, og vil gjerne høyre om kva pappa gjer og ikkje gjer. Amund får følelsen av at mamma spør for å finne feil som pappa gjer. Korleis bør Amund svare når mamma spør?

- a) Amund kan svare ærleg på alle spørsmåla mamma stiller.
- b) Amund kan svare ærleg på spørsmåla, men legge til forklaringar og unnskyldningar dersom pappa har gløymt noko som var viktig, eller sagt eller gjort noko som vart feil.
- c) Amund kan fortelje litt når mamma spør, men utelate det dersom pappa har gløymt noko som var viktig, eller sagt eller gjort noko som vart feil.
- d) Andre forslag?

Vennen din, Vera, fortel deg at far hennar har forandra seg og blir oftare sint enn før. Faren kan rope og brøle, slå i veggen og kaste ting. Han kjeftar ofte på Vera og søskena, og Vera verkar redd. Kva råd ville du gitt til Vera?

- a) Råde Vera til å sei frå til faren at han ikkje kan oppføre seg slik, og at han må få hjelp til å få det betre.
- b) Råde Vera til å fortelje om dette til ein vaksen ho stoler på, og tilby å bli med på samtalen som støtte.
- c) Råde Vera til å vente og sjå om det går over.
- d) Andre forslag?